

01 MARS 2026
ÅRGANG 59

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet



- 4 Takvam kapell 100 år
- 6 Ung Tru på TV-skjermen
- 7 Konfirmentar våren 2026



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik,
Jorunn Haukås, Erik Rodal,
Björg Marie Akse Kenefe

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 6000
Foto framside: Odd Mehus

Neste utgåve: 15.august
Materiellfrist: 10.juli

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid:
torsdag, fredag og lørdag kl 10-15

Tilsette og kontaktinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen

Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no,
tlf: 957 95 324

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Jan Røshol, jr948@kyrkja.no.

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840

Kateket: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar: Marlyn Hop,
mh824@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd

Open kyrkje: onsdagar kl. 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626

Organist: Jørn Skaug, js234@kyrkja.no

Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim,
sakkeusopenbhg@outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



**Tankar
om tru**

Brot på forventningar?

Eg veit ikkje kva du hadde venta, om kongen skulle kome på vitjing til Arna. Hadde han kome i limousin? I taxi? Hadde han hatt livvakter med seg? Eller hadde han kome gåande, med krykkjene sine, saman med familien? Eg har nok mange forventningar – både til korleis kongen vår skal opptre, og til heilt andre ting. Og eg undrar meg: Forstod folkemengda i Jerusalem verkeleg kven det var som subba inn i byen deira på eit esel for 2000 år sidan? Og forstod dei kva det eigentleg innebar? Viss dei verkeleg forstod at Jesus ikkje berre var eit vanleg menneske – hadde dei då ikkje venta at han skulle kome på ein stor, flott og majestetisk hest i staden? Eit mektig dyr som viser makt, «ready to fight»? Men Jesus kjem ikkje inn i byen – eller inn i liva våre – klar til kamp, men i fred.

Jesus sprengjer ofte forventningane mine til kva ein mektig person skal vere og gjere, og eg møter meg sjølv litt i døra. Gud kjem til oss som eit menneske i Jesus – for å vise oss korleis makt verkeleg ser ut: subbande på eit esel, ikkje med ein parade av hestar og våpen. Kanskje løfter eg blikket litt for ofte, og gløymer å sjå i augnehøgda etter Gud sjølv.

PALMESØNDAG

*For sånn tror jeg du er Gud
der du kommer
uten spetakkel
sittende lavt
med beina subbende i bakken
på vei inn i livet mitt
for jeg tror det stemmer det
du er nok en jeg ikke får øye på
hvis jeg bare myser
oppover*

- Trygve Skaug



Gina Marie Reisæter-Thu

Det går mot vår

*Vinterens siste rier er over
no fødest verda på ny*

*og atter ein gong skal det grøda
nytt liv av det daude skal gro**

*lik som vi i Jesu blod
for slik lyder det ewige Ord*

*Og mørket og kulden skal forvittra
dens makt kan ei halda oss fast*

*og atter ein gong skal me jubla
til lovsong i Guds evighetspalass*

Tekst: Björg Marie Akse Kenefe

*Omskriving av ei verselinje frå «No livnar det i hundar» av E. Blix

Song mot påske i Arna kyrkje

Velkommen til Song mot påske torsdag 26. mars kl.19. Denne kvelden får vi oppleve eit variert og stemningsfullt program som peikar fram mot påskehøgtida.

Medverkande er koret «Kormix», under leiing av dirigent Oddvar Rotvik og pianist Dag Vilsvik. I tillegg får me høyre Arna og Ytre Arna kyrkjekor ved kantor Olav Arne Steinkopf.

Det vert variert repertoar med korsong, fellessong og tekstlesing. Saman får vi stoppe opp i fastetida og la tonar og ord førebu oss til påska.

Velkomen til ein kveld med song, ettertanke og fellesskap i Arna kyrkje!

Salmekveld i Ytre Arna

Salmekveld i Ytre Arna kyrkje 15. april kl. 19.00. Organist Jørn Skaug byr på eit variert program som inneheld fellessong, korsong og musikalske innslag. Arna og Ytre Arna kyrkjekor deltek, leia av Jan Røshol Arrangementet er eit samarbeid mellom kyrkja og bedehusa i Ytre Arna.

Vel møtt til ein triveleg kveld!



Takvam kapell

100 år i teneste ved fjorden

Då gamle Haus kyrkjegard i Eidsvik vart nedlagt i 1909, måtte ein finna ein ny og høveleg gravplass for fjorddistriktet i Haus sokn. Ei nemnd på tre menn fekk oppdraget, og peika ut eit jordstykke på Indre Takvam som særleg godt eigna. Den 23. oktober 1910 gav Kyrkje-departementet løyve til å «anlegge en hjelpekirkegaard for fjorddistriktet i Haus sogn paa Indre Takvam». Gravplassen kom til å tena eit vidt område på både sider av fjorden.



Etter kvart melde det seg eit praktisk og verdig behov: Eit kapell der gravfylgjet kunne opphalda seg når gravlegginga måtte venta. Initiativet kom frå lærar Kristina Brunborg som var leiar for kvinnelaget på Skuggestrand. Den 6. januar 1922 tok ho, saman med fleire menn i bygda, til å samla inn pengar til kapellbygging. Gjennom gåvelister, basarar og andre tilskipingar vaks eit felles prosjekt fram.

Arbeidet bar frukt, og 1. april 1926 vart Takvam kapell vigsla. Det var ein stor festdag for folk på både sider av Sørfjorden. Heile bygget kosta 4 700 kroner.

Kapellet fekk raskt ein brei bruk. Det vart halde kveldsgudstenester og årleg nattverdsgudsteneste, forretta av prestane i Haus. Misjonsorganisasjonane nytta kapellet til oppbyggjelege møte, og heilt sidan 1926 har det vore søndagsskule her.

Eigarskapen låg først hos Haus kommune, seinare Arna kommune,

og frå 1972 hjå Bergen kommune. Under ei synfaring oppdaga vedlikehaldssjef Sandal i Bergen kommune kapellet – som ikkje ein gong stod oppført i dei kommunale papira. Han fekk det registrert att og sette straks i gang naudsynt vedlikehald. Det redda kapellet frå vidare forfall; klokketårnet var då i ferd med å rotne.

“...ein juvel ved fjorden – eit vitnemål om tru, fellesskap og lokal vilje...”

Likevel var tilstanden dårleg. Gudstenester hadde ikkje vore haldne på fleire år, og engasjementet i bygda var prega av motløyse. Sokneprest Finn Halle Tvedt trudde ein periode at bygget berre var ei arbeidsbrakke, etter å ha sett gravarane sine klede liggja utover benkene.

Vendepunktet kom då det vart teke initiativ til å skipa ei fast kapellnemnd. Nemnda vart ein sterk pådrivar og fekk fridom frå sokne-

rådet til å arbeida målretta. Allereie det første året fekk kapellet nytt inventar: stolar, betre lys, alterbord, talarstol og orgel.

Misjonsstemner har vore ein del av historia heilt frå starten, og i 1980 vart det første Takvamstemnet arrangert. I mange år samla stemner folk frå begge sider av fjorden annakvart år.

I 1987 løyvde Bergen kommune 700 000 kroner til utviding. Det synt seg snart at kapellet var så prega av råde at det måtte byggjast heilt nytt. Det nye kapellet, om lag dobbelt så stort, stod ferdig i 1988.

I dag lever Takvam kapell i ei ny tid. Folk har større mobilitet, og mange vel Arna kyrkje. Samstundes står kapellet framleis som ein juvel ved fjorden – eit vitnemål om tru, fellesskap og lokal vilje gjennom hundre år.

TEKST: ROAR MOEN/ JAN KÅRE JAKOBSEN OG AUDUN STØLÅS

Utdrag frå festskrift i høve 100-års-jubileet, ved Jan Kåre Jakobsen og Audun Stølås:

‘Eit tiltak som kapellnemnda stod for, var å arrangera turar. Ei spesiell hending vart det då turen i 1995 gjekk til Jordalen i Vossestrand. Turfølgjet var med på gudsteneste, men fleire reagerte på at det ikkje kom 3 x 3 slag frå kyrkjeklokka då gudsteneste var slutt. Det var nemleg inga kyrkjeklokke i Jordalen. Då vart ideen fødd: På loftet i Takvam kapell ligg ei lita kyrkjeklokke. I 1982 overtok Takvam kapell fabrikk-klokka frå Arne Fabrikker, og den gamle kyrkjeklokka vart tatt ned. Kanskje vi kan gi den gamle til Jordalen? Året etter, i 1996, gjekk turen igjen til Jordalen. Og no var klokka på plass.

I samband med 75-årsjubileet i 2001 oppsummerte Monrad Ulveseter saga til Takvam kapell på denne måten: Av Gud er dette gjort. I alt det som har skjedd med kapellet i desse 75 åra kan eg sjå Guds finger. Han har bygd kapellet trinn for trinn. Kapellet har stått her i 75 år fordi Gud ville ha eit kapell på Takvam. Det same kan seiast ved 100-årsjubileet.’



1: Takvam kapell i solnedgang. Foto: Marianne Fanebust
2: Gudsteneste i Takvam kapell. Foto: Odd Mehus
3: Alter og ikon i Takvam kapell. Foto: Jorunn Haukås

Jubileumsgudsteneste i Takvam kapell

Velkomen til jubileumsgudsteneste søndag 31. mai kl. 11:00, med påfølgjande fest i Tunes bedehus. Det blir talar, helsingar og middag.



1: Elias Mehus held preika denne dagen.
2: Fantastisk finale!
3: Roar Moen og Maria H. Dijkstra
4: Thilde M. Onarheim og kapellan Gina Marie Reisæther-Thu.
5: Koret, dirigert av Hilde G. Emblem, var sett saman for anledninga.
6: Leonora, Sofie og Filip var tekstlesarar.

Ung Tru på TV-skjermen

16. november 2025 var dagen for den siste direkte-sende NRK-gudstenesta frå Arna i denne omgangen. Med Ung Tru-gjengen i spissen vart det ei gudsteneste som vil verte hugsa! Her fortel nokre av ungdomane om arbeidet bak kulissane.

Kven hadde ideen til at ungdommen skulle overta gudstenesta?

- Då staben skulle planleggja den siste NRK-gudsteneste, sette me oss ned og tenkte over kva slags gudstenester me har hatt, og korleis vil me ville avslutta vår 'serie' med NRK-gudstenester. Oppsummeringa viste at me har hatt gudstenester for små og store, Klubben, høgtidelege gudstenester, økumeniske gudstenester og temagudsteneste. Det som mangla, var ei ungdomsgudsteneste, noko som passa strålande no som ungdomsarbeidet vårt er så godt i gang.

Planlegging, organisering og fordeling av oppgåver - kven hadde ansvaret for det?

- Her var det kapellan Gina Marie som hadde hovudansvar, med ein god stab i ryggen. Nokre vart utfordra til konkrete arbeidsoppgåver, medan andre kunne melda seg til å vera med. Me ville at alle som ønskte det, skulle få ei oppgåve i løpet av gudstenesta. Så var det jo med ungdomar frå Ytre Arna og Åsane. Dei vart spurde fordi dei blant anna er med på Ung Tru eller på KRIK, som er våre møtestader for ungdom. Då me såg at det var plass til endå fleire, tok me kontakt med andre kyrkjelydar, deriblant Salhus, og spurde om dei ville vera med, - og det ville dei! Dette handlar om å invitera og å samarbeida. Verken gudstenester eller ungdomsarbeid skal vera noko me konkurrerar i

- men noko me som kyrkje i sin heilskap gjer saman.

Denne gudstenesta hadde eit noko uvanleg postludium, der de fekk heile forsamlinga til å dansa i midtgangen! Korleis kom de på det?

- Denne avslutninga har me fast på Ung Tru samlingane våre. Dermed vart det naturleg å leika litt med tanken på å avslutta også denne gudstenesta med det - noko som vart en fantastisk suksess!



TEKST: MØYFRID OPHEIM,
GINA MARIE REISÆTHER-THU
FOTO: ODD MEHUS

Har du lyst å bli konfirmert i Ytre Arna kyrkje?

Viktig melding til alle som er fødte i 2012: Det er tid for å melda deg på konfirmantopp- legget! Kanskje har kyrkja og kristen tru vore ein naturleg og viktig del av livet ditt heilt frå du var bitte liten. Eller kan henda har du vore med i Non Stop Singing (tidlegare Ytre Arna barnevokal) eller gått på Ving og Torsdagsklubben? Somme av dykk har gjerne først og fremst høyrte om kristendomen gjennom KRLE-faget på skulen. Uansett er du hjarteleg velkomen til å bli med i konfirmantopplegget i Ytre Arna kyrkje. Her får du læra meir om kristen tru og får oppleva i praksis kva kyrkja er.

Konfirmantopplegget begynner i månadsskiftet august-september, og du blir konfirmert anten 25. april eller 2. mai 2027. Me samlast annankvar onsdag frå september til april, syng litt saman, får høyra om det som er emnet for kvelden, har kan

henda gruppearbeid, ein quiz, ein leik eller noko slikt, og så et me saman til slutt - alt er unnagjort på om lag halvannen time. Du kjem òg til å delta på nokre gudstenester i kyrkja. I slutten av oktober dreg me på konfirmant-helg til Gullbotn konferanse-senter. Det kan du gle deg til!

Alle som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja, fødte i 2012 og folkeregistrerte i Ytre Arna, får i byrjinga av mai brev med registreringsskjema. Her får du òg fleire detaljar om konfirmantåret. Viss du ikkje er døypt, dersom du er medlem av eit anna kyrkjesamfunn, eller om du bur utanfor Ytre Arna sokn, men ønskjer å bli konfirmert i Ytre Arna, tek du kontakt med presten, *Ingvar Fløysvik*, anten på tlf. 916 06 626 eller e-post *if952@kyrkja.no*. Skjemaet vil òg liggja på nettsida vår, *kyrkja.no/ytrearna*.

Konfirmantar i Ytre Arna 2026

Sundag 26. april kl. 11.00

Marius Eikefet Berland
Ariel Bernes
Josefine Andersen Bjørnstad
Johan Eide Dalheim
Sebastian Konrad Frias-Riple
Marthe Svardal Helleve

Dennis Birkeland Johannesen
Jacob Akse Kenefe
Emily Angeltveit Merkesdal
Joakim Teigen
Lise Malene Telle-Ariansen
Milla Bjørke Tveit

Sundag 3. mai kl. 11.00

Severin Ahnéll-Hoenen
Solveig Aminda Ahnéll-Hoenen
Simen Bernes
Tobias Steinsland Haugsvær
Oliver Morken Hilleren
Marthe Hjortland
Malene Tenden-Vie
Julian Nikolai Værn

Konfirmant i Arna i 2027?

Dei siste åra har vi hatt konfirmasjonar i september. No har stab og sokneråd vedteke å gå tilbake til å ha konfirmasjon om våren. For dei som er fødd i 2012 er dette dei fyrste datoane å merke seg:

27. mai 2026 kl. 17.30:
informasjonsmøte i Arna kyrkje for konfirmantar og føresette.

28. mai 2026 kl. 10.00:
Påmelding til konfirmasjon opnar digitalt på *kirken.no/arna*

Konfirmasjonsdagar i 2027:
2. mai, 8. mai og 9. mai.



Leik og moro er viktige innslag i konfirmanthelga! Foto Marlyn Hop



Montering av nye møblar i Noa open barnehage. Foto: M. Opheim

Oppussing av kyrkjelydshuset

Det var eit stort prosjekt me sette i gang med når me gjekk i gang med oppussinga av salen i kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Gjennom åra har me kjent på mykje gjenklang i rommet, kald trekk i golvet langs glasa, eit ujamnt golvbelegg som var vanskeleg å halda reint.

No er ytterveggen isolert, det er komne lydisolerande plater i taket, nye lampar. Sal, gang og toalett er nymåla, og det er kome nytt golvbelegg. Me opplever at salen no er mykje varmare enn han var, og utan golvtrekk ved glasa.

Dei ulike yrkesgruppene som har vore inne, har alle røynt at arbeidet tok lengre tid enn venta. Det

dukka stadig opp nye utfordringar. Det er vel ikkje anna å venta når huset er frå 1908. No er me iallfall glade for å vera på plass i eige hus att.

Tusen takk til Ytre Arna bedehus, som let Noa open barnehage få vera der i 6 veker. Stor takk og til dei som har stilt på dugnad, og for økonomisk støtte.

Prosjektet vårt kom på rundt 1/2 million kroner. Dersom fleire har lyst å støtta det, tek me imot gåver på Vipps: 794835.

- Jorunn Haukås,
leiar i Ytre Arna sokneråd

Nestekjærleik og Kyrkjeblad

Eitt av bladboda i Ytre Arna, Knut Vesetvik, var blant dei som kosa seg på frivilligfesten i november. Kyrkjebladet slo av ein prat for å høyre kva den pensjonerte buss-sjåføren brukar dagane til.

- Kyrkjebladet kjem jo berre tre gongar i året. Det er fort gjort å dele ut 100 blad, slår han fast. - I alle fall når kona er med, då går det ekstra kjapt, og så vert det ein fin tur i nabolaget samtidig! Dermed er det mange dagar att å fylle, men det høyrest ikkje ut til å vere vanskeleg. Arbeidslysta kjem vel med for blant anna stiftelsen THK, Tro-Håp-Kjærlighet, der Knut har eit stort engasjement. Han og kona Aud Else vart engasjert i hjelpearbeid gjennom menneske dei har møtt i ulike samanhengar – til dømes på ferieturar og jobbintervju! Dei har vore aktive i 'Hjelp til Russland', og frivillige på Sjømannskyrkja i Haifa. Dugnadsarbeid på Haugland bedehus og i gjenbruksbutikk finn dei og tid til.

Knut er kontaktperson for THK i Arna og Åsane-området. THK har

støtta ulike prosjekt i Ukraina i 30 år, fortel han. Mest kjent lokalt er klesinnsamlinga på Breistein. Knut organiserar frivillige til innsamlingane og til lasting av trailer om lag annakvar månad. Han snakkar seg varm om behovet for hjelp i Ukraina og om gjevargleda her heime. - I Ukraina har behovet for hjelp berre auka etter at krigen braut ut, mange manglar absolutt alt. Og folk her er flinke til å gje! Kjem hjelpe fram? - Ja, det veit vi at ho gjer. THK sin einaste løna medarbeidar er ein ukrainsk mann som tek imot trailerane på grensa og syter for distribusjon vidare. Dei samarbeider og med det som tilsvarar vårt Røde Kors, så alt vi sender, kjem til nytte!

Dersom nokon vil bidra, kva treng dei i Ukraina no? - Nær sagt alt! Varme klede, sko, dyner og puter. Gryter, gardiner, stearinlys, barneutstyr, leiker og hygieneartiklar. Strikkegarn er nyttig, då kan dei strikke klede sjølve. THK har matutdeling i fleire område, og dei støttar skadde soldatar, så pengegåver er og kjærkomne.



Kyrkjebladet takkar Knut for praten! Og dersom du som les, vart smitta av engasjementet, er det berre å ta kontakt.

TEKST OG FOTO: MØYFRID OPHEIM

Utan frivillige – ingen aktivitet!

Frivillige medarbeidarar er avgjerande dersom kyrkja skal tilby aktivitetar og møtestader. No var det på tide å gjere stas på dei som til vanleg syter for at andre har det bra!

4. november vart dei frivillige i Ytre Arna takka med konsert i kyrkja, der blant andre barne- og ungdomskoret NonStop Singing tok del. Kvelden fortsette med god mat, triveleg prat og kjekt program i kyrkjelydshuset. 6. november var det Arna sin tur. Irene Kinunda, kjent frå blant anna 'Fargespill', var kveldens inspirator. Hennar fargerike, personlege og humoristiske kåseri bidrog til både latter og ettertanke, og etterpå var det god tid til fellesskap rundt eit godt måltid.

Neste gong kan du vere med på fest! Alle aktivitetane som er omtalt i bladet, er drivne av frivillige. Kunne du tenkt deg å vere med på noko av dette? Ta kontakt med ein frivillig, eller ein av dei tilsette, sjå kontaktinfo på side 2.

TEKST: MØYFRID OPHEIM



1, 3: Frivillige medarbeidarar i alle aldrar kosa seg på fest! Foto Odd Mehus



2: Samansett kor syng Velsignelsen. Foto M. Opheim

Klubben 50 år!

Sidan 1975 har Klubben hatt sine faste treff kvar onsdag. Dette må feirast! Jubileet vert markert i gudstenesta søndag 30. august, og med fest onsdag 2. september. Tidlegare klubbmedlemer/leiarar og frivillige, pårørende og alle andre er velkomne til å feire saman med oss! Set av datoane i kalendaren, nærare informasjon kjem på kyrkja si heimeside og i neste utgåve av Kyrkjebladet.



Foto: Per Stojnic / Unsplash

Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



Ny ungdoms- arbeidar

i Haugland- og
Ytre Arna indremisjon

Silje Hetlebakke er tilsett som ungdomsarbeidar i 20 % i Haugland indremisjon og Ytre Arna indremisjon frå 1. januar i år, førebels for halvanna år framover. Me fann henne i Haugland bedehus ein sundagskveld og tok ein prat med henne.



Kva er det du skal stella med når du no blir ungdomsarbeidar her i bygda?

- Tidlegare var det ungdoms-klubbar på bedehusa både på Haugland og i Ytre Arna. Men begge klubbane har lege nede nokre år. Mange har vore opptekne av dette, og dei to indremisjons-laga har tilsett meg for å starta opp arbeid for ungdom. Så søndag 1. februar kl. 18.00 hadde me Kick-off for Ungdomsklubben Young på Haugland bedehus, ein samlings-plass for ungdom frå 8. klasse og oppover. Tanken er å samlast annankvar søndag framover. Me startar kvar kveld med lovsong og forkynning. Så har me eit måltid saman – i kveld skal me ha taco! Etter maten plar me ha ein aktivitet, og så avsluttar me med ei bønne-samling. Etterpå er det høve til å henga – om ikkje så lenge ein vil, så i alle fall ei god stund.

Silje fortel at ho vaks opp på Hetlebakke. Trua var ein del av heimen og har vore der heile livet, men vart meir bevisst i ungdomstida. I oppveksten var ho noko på Haugland bedehus og noko på Kyrkjekrinsen. Ho var med i ungdomsklubben på Haugland.

Elles reiste ho mykje til Raknestunet på leir. Så gjekk ho vidaregåande på Framnes. Der var ho òg med i det kristne fellesskapet. I tillegg har ho gått to år på Helgeland folkehøgskole i Mosjøen. No studerer Silje på 4. året til lektor i sosiologi. Ho skal skriva meisteroppgåve til hausten. I vår har ho lærarpraksis både i ungdomsskulen og vidaregåande.



*Den nye ungdomsarbeidaren er godt i gang med den nystarta ungdomsklubben.
Foto: Ruth Sofie Steinsland*

Silje brenn for ungdomsarbeid og har jobba mykje på Raknestunet om somrane. Dei tre siste åra har ho vore med å arrangera leirar der.

I det heile har ho vore mykje med i ungdomsarbeidet i Nordhordland indremisjon.

Kva er målsetjinga di med ungdomsklubben?

- Eg ønskjer både å få dela bodskapen om Jesus med dei som enno ikkje har sleppt han inn i livet sitt, og å utrusta og disippelgjera dei som allereie trur. Så vil eg gjerne klubben skal vera ein arena i lokalsamfunnet og ei velsigning for lokalmiljøet, ein stad der alle som treng eit fellesskap, er velkomne.

Er det eit bibelvers du er særleg glad i?

- Eg er glad i mange, men må eg velja, seier eg Salme 23:1: «Herren er min hyrding, eg manglar ikkje noko.» Ja, eigentleg kunne eg ha teke med heile salmen. Det er godt å vita at eg ikkje går åleine.

Til slutt vil Silje gjerne seia at det er flott å møta forsamlingar som brenn slik for å gjera noko for ungdomane i bygda. Det har vore godt å bli så varmt motteken og stas å få den tilliten.

TEKST OG FOTO: INGVAR FLØYSVIK

Påskeaktivitetar For små og store



LYDIAS PÅSKE
[www: lydiaspask.no](http://www.lydiaspask.no)

Opplev påskeforteljinga saman med 10 år gamle Lydia! På nettsida finn du film, samtalekort, eksperiment og ting du kan lage. Du kan lese, lytte til eller sjå forteljinga om Lydia samanhengande, eller du kan følgje handlinga dag for dag frå palmelaurdag til påskedag.

Illustrasjon: Hans Jørgen Sandnes, Sandnes Media

PÅSKEN MED THOR!

Thor Haavik er eit kjent ansikt for mange. No kan du finne ut meir om Påsken med Thor! - Stod Jesus faktisk opp frå dei døde, eller hadde han ein tvillingbror som lurte alle? I samarbeid med Tro & Medier, TV Inter og Den norske kyrkja har Haavik laga en miniserie i tre delar. Du finn den her: <https://troogmedier.no/oppstandelsen>

Foto: Kjetil Fyllingen. Bilete og link delt etter avtale.



BYGG PÅSKE-FORTELJINGA

Finn fram kassen med duplo eller lego! Bygg og lek deg gjennom påskeforteljinga!

FINN PÅSKEKYLLINGANE

Kor mange påskekyllingar finn du i bladet? Denne sida gjeld ikkje. Sjå svar på side 15.



Visste du...

- at blomane på altaret skal vere avskorne blommar (bukettar), og ikkje blommar i potte? Det symboliserer at liva våre er foreløpige, og at vi ein gong skal døy – og at det berre er Gud sjølv som er evig.



Faste aktivitetar:

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl. 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Vi spelar brettspel, har hobbyaktivitetar, filmkveldar, kveldsmåltid og eit ord for kvelden. Klubb-gudsteneste i kyrkja ein gong i månaden, sjå preikelista bak på bladet. Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne. Hot-dogs, saft og kaffi frå kl 16.30. Song og leik kl 17-17.30. Familiekolet over i Arna kyrkjelydshus annakvar torsdag (partalsveker).

Middag for små & store i Ytre Arna kyrkjelydshus. God heimelaga mat og godt selskap rundt bordet. Kom når det passar mellom kl. 14 og 17. Mat og aktivitet for barna er gratis. Datoar framover: 25.mars, 29.april, 27.mai.

Grautlaurdag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus. Datoar framover: 28. mars, 25. april og 30. mai. Kafe med graut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis

Møteplassen i Ytre Arna kyrkjelydshus - Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt føremiddagstreff med prat, kaffi/te og litt å bite i. Ta gjerne med eit handarbeid. Datoar framover: 16. mars, 18. mai, 15. juni, kl. 12-14.

Ytre Arna Ving for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annakvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt, deretter aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd mm. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben, for deg i 5. klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna bedehus, annakvar torsdag frå kl. 18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Young - nyoppstartet ungdoms-klubb på Haugland bedehus, for deg som skal begynne på ungdomsskolen til høsten, og oppover. Vi treffes annenhver søndag fra kl 18-21. Det blir andakt, lovsang, mat og aktiviteter. Kontakt: Silje Hetlebakke, tlf: 41294228. Se hauglandyoung på Instagram for oppdatert info.

Aktivitetar i Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) Arna

CONNECTION

Søndag 12. april kl. 18.30 ønskjer vi alle som er fødd i 2013 velkomen til KRIK i Lonehallen. KRIK står for Kristen Idrettskontakt. På ein kveld i Lonehallen er det kjekke aktivitetar og ein kort andakt.

KRØLLETREFF

Måndag 8. juni kl. 17.00-18.00 vert alle som blir 3 og 4 år i år, invitert til Krølletreff. Det blir samling i kyrkja med song og forteljing om sauene som forsvann. Kanskje får vi helse på eit levande lam.

TÅRNAGENT

Tysdag 9. juni kl. 17.30-19.30 inviterer vi deg som er fødd i 2018 og 2019 til å vere Tårn-agent. Oppmøte ved leikeparken utanfor Arna kyrkje. Tårn-agentane får ta agent-prøven, løyse opp-gåver, gå på skatte-jakt i kyrkja og heilt opp til dei store kyrkje-klokkene, og ete saman.

Krølletreff i Ytre Arna

Velkommen til Krølle-samling i Ytre Arna kyrkje laurdag 30. mai kl. 14.00! Krølletreff er for alle som er fødte i 2023. Me syng og høyrer forteljinga om sauene Krølle som gjekk seg bort. Alle som vil, får leita etter sitt eige vesle koselam som dei kan ta med seg heim. Det vert enkel servering.



Påmelding til Marianne Hjortland, trusopplærer i Ytre Arna kyrkje, innan onsdag tysdag 26. mai.

Håpar de har lyst til å koma!

Open barnehage

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid. Her kan du komme saman med barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi har leikar og aktivitetar til alle aldersgrupper, også dei aller minste. Ta med matpakke om du vil ete lunsj med oss. Barnehagane har stengt i skulen sine feriar.

Noa open barnehage

har ope tysdag kl 9-14.30, onsdag kl 9-14.30 og torsdag kl 9-14 i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Sakkeus open barnehage

har ope måndagar kl 9-15 i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Sakkeus open barnehage for nærare informasjon.

Begge stader er det trivelege leikeplassar som òg kan nyttast utanom opningstidene våre.

5 KJAPPE

MARIA AASHEIM GROSÅS

Spørsmål v/ Møyfrid Opheim

Jesus i tre ord?

- Guds Son
- Verdas lys
- Kvart menneske sin Frelsar

Favorittstad å be?

Eg ber overalt, men roa kjem særleg framfor eit Kristus-ikon og eit tent lys.

Bibelvers som gjev deg håp?

«Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.» Joh 1:5

Kva betyr trua for deg i kvardagen?

Alt.

Kristent forbilde i livet ditt?

Heilage Birgitta av Vadstena skal ha sagt: «Herre, vis meg den veien du vil jeg skal gå, og gjør meg villig å vandre den.» Birgitta var ei modig og overgeven kvinne som hadde tillit til Gud, og hennar bøn er ein bøn eg hold fast i kvar dag.



Noen å snakke med om ...

- ... familie?
- ... uro?
- ... tunge tanker?
- ... skole?
- ... tro?
- ... sorg?
- ... vennskap?
- ... noe helt annet?

13-20

et samtaletilbud for alle mellom 13 og 20 år

Vi er også i:
Åsane
Loddefjord
Olsvik
Sentrum


www.13-20.no/bergen



Maria Aasheim Grosås
Ungdomsdiakon og sosionom

Arna og Ytre Arna

Bare send en melding:
413 60 923



BLI MED PÅ

LEIR!

GULLBOTN KONFERANSESENTER

12-14 JUNI 2026

12.-14. juni er du invitert til å starte sommerferien med et brak! Det blir leir på Gullbotn konferansesenter og ungdommer fra alle kirker, menigheter og bedehus i Ytre Arna og Indre Arna er invitert. Det blir dager fulle av lek, moro, god mat, bading, kano, felleskap, konkurranser og Jesus. Her blir det muligheter for å bli bedre kjent med både andre ungdommer fra Arna-området og med Jesus - for en kombo! Er du mellom 12 år (skal begynne på ungdomsskolen til høsten) og 20 år du veldig velkommen. Mer info kommer.



Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Torill Vik Johannessen
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: [Stamneshagen Auto AS](#)
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen



NorEngros

K.J. Brusdal AS



ARNA
gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946



Avkastninga målest ikkje i kroner – men i menneske

Kyrkjelyden har over tid hatt ei etablert givarteneste. No blir denne ordninga utvida med eit nytt og tydeleg formål: å sikre vidareføring og styrking av ungdomsarbeidet gjennom tilsetjing av ein eigen ungdomsarbeidar.

Bakgrunnen er enkel. Ungdomsarbeidet har vakse fram gjennom UngTru og KRIK, med om lag 25 ungdommar i jamleg aktivitet. Samstundes viser erfaringane at arbeidet er sårbart når det manglar faste vaksne som kan følgje opp over tid. I dag blir mykje borte av prestar, frivillige og ungdommane sjølve. Soknerådet vurderer dette som lite berekraftig i lengda og ønskjer difor å tilsetje ein ung-

domsarbeidar i ei stilling på om lag 20 %, med mål om å kunne auke til 30 % på sikt.

For å få dette til, er kyrkjelyden avhengig av fleire faste givarar. Reknestykket er oversiktleg: Med minst 30 personar som gjev 300 kroner i månaden, vil ein vere på god veg til å finansiere ei slik stilling. 300 kroner i månaden er for dei fleste overkommeleg beløp – men saman kan det utgjere ein avgjerande forskjell.

Per i dag har fire personar meldt seg som faste givarar til dette formålet. Målet for 2026 er å kome opp i minst 30. Givartenesta handlar ikkje om store enkeltgåver, men

om mange som bidreg jamleg, planmessig og truverdig.

Slik kan fleire vere med og ta ansvar – for ungdommane, for fellesskapet og for framtida til kyrkjelyden.

Å bli fast givar til ungdomsarbeidet er ei investering. Avkastninga finn vi ikkje i rekneskapen, men i ungdommar som blir sett, følgde opp og tekne på alvor. I relasjonar som varer. I tru som får rom til å vekse.

Gå til www.kyrkja.no/givar for å gje di gåve!

- Roar Moen




Natur

Nattpåfugløye er en forholdsvis stor sommerfugl som de færreste av oss har sett. Ikke fordi den er sjelden, men fordi den flyr om natten. Men vakker er den, selv om bildene må taes med kunstig lys. For Gud er nattens lys som dagen. Han trenger ikke kunstig lys for å glede seg over den.

- Erik Rodal



Foto: Jean-Pierre Hamon



Faste givarar

Mål: 30
Givarar: 4

Svar "Finn påskekyllingane": 9



Slekters
gang

Arna

Døpte:

Sander Fiksdal Larsen
Annika Børve
Herman Teige Åsen
Jens Bruvik Vambheim
Henrik Vatle Mo
Aron Elias Refvik Fjeldstad
Sander Sunde-Lyssand
Aria Pedersen
Olai Polmith Bratland
Saga Austefjord Øvsthus
Brenzanel Foss
Magnus Olea Zinke
Vebjørn Sleen Flaktveit
Jens Bysheim
Charlotte Grace Sylta Brown
Julie Hegna Olsen
Jonatan Alfred Bjørkbom Liland
Viljar Matre

Agnar Garnes
Arne Hof
Helene Edvarda Hundhammer
Nils Ivar Fossdal
Marion Nesse
Anna Kitty Irene Kjeseth
Åse Margrethe Heggheim
Per Seim
Bergljot Judith Nese
Sverre Martin Halland
Astrid Nestås Bruvik
Dagny Løvaas Bjørvik

Ytre Arna

Døpte:

Ellinor Aralt-Espeseth
Matheo Quam Kalsås
Charlie Øksnes Bratten
Sigurd Hordvik
Synneva Gullberg

Vigde:

Benedicte Bøyum-Johannessen
& Magnus Johannessen

Georg Olsen &
Viktoria Marie Hegna Grannes

Døde:

Helene Edvarda Hundhammer
Jon Noralf Steinset
Per Randulf Johansen
Alfhild Rivenes Vevle
Roald Kvamme
Nils Angeltveit

Døde:

Brynhild Møllerup Solberg
Helga Erstad
Nelly Nesheim
Helga Dalaker
Olav Rivenes

Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet. 2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



**Espeland Fangeleir
Venneforening**

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

29.03.

Palmesundag

Joh 12,12-24

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

02.04.

Skjærtorsdag Joh 13,1-17

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

03.04.

Langfredag

Joh 18,1-19,42

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

04.04.

Påskennatt Mark 16,1-8

Arna kyrkje kl. 23:

Gudsteneste. Reisæter-Thu/Moen.

05.04.

Påskedag Joh 20,1-10

Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste. Fløysvik.

12.04.

2. søndag i påsketida

Joh 20,24-31

Arna kyrkje kl. 11:

Familiégudsteneste. Reisæter-Thu/Moen.

19.04.

3. søndag i påsketida

Joh 20,24-31

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik. Røysterett for alle.

22.04.

ons. e. 3. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 18.30:

Klubb-gudsteneste. Moen.

26.04.

4. søndag i påsketida

Joh 20,24-31

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmasjonsgudsteneste.

Fløysvik. Ytre Arna vokal.

01.05.

1. mai Matt 20,25-28

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

Non Stop Singing.

03.05.

5. søndag i påsketida

Mark 6,30-44

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmasjonsguds-

teneste. Fløysvik.

Non Stop Singing.

10.05.

6. søndag i påsketida

Joh 14,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Reisæter-Thu.

14.05.

Kristi himmelferdsdag

Joh 17,1-5

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

17.05.

Grunnlovsdag

Luk 17,11-19

Arna kyrkje kl. 11.30:

Gudsteneste. Reisæter-Thu

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Nasjonaldagsguds-

teneste. Fløysvik.

20.05.

ons. e. søndag før pinse

Arna kyrkje kl. 18.30:

Klubb-gudsteneste.

Fløysvik.

24.05.

Pinsedag Joh 14,23-29

Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste.

Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste.

Fløysvik. Ytre Arna vokal.

31.05.

Treeiningssundag

Matt 28,18-20

Takvam kapell kl. 11:

Jubileumsgudsteneste.

Moen/Reisæter-Thu.

07.06.

2. søndag i treeiningstida

Matt 3,11-12

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Skaparver-

kets dag. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små

og store. Fløysvik.

Non Stop Singing.

10.06.

ons. e. 2. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 18.30:

Klubb-gudsteneste.

Reisæter-Thu.

14.06.

3. søndag i treeiningstida

Luk 14,15-24

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

21.06.

4. søndag i treeiningstida

Mark 10,17-27

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-

Thu.

28.06.

5. søndag i treeiningstida

Matt 18,12-18

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

05.07.

6. søndag i treeiningstida

Luk 5,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-

Thu.

12.07.

7. søndag i treeiningstida

Luk 15,1-10

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-

Thu.

26.07.

9. søndag i treeiningstida

Matt 11,28-30

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik

02.08.

10. søndag i treeiningstida

Luk 5,27-32

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik

09.08.

11. søndag i treeinings-

tida Matt 23,37-39

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

16.08.

12. søndag i treeinings-

tida Matt 6,24-34

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

23.08.

13. søndag i treeinings-

tida Matt 25,14-30

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Konfirmant-

presentasjon. Fløysvik.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna